# BOKN BYGDABLAD



*Nr 1 - Februar 2000 - Årg. 15*





**02.01.00 - s. 3**



**Byggeskikk - s. 6**



**Gjensyn - s. 24**

Bokn kommune
150 år

Kusymre
kommuneblom i Bokn



# KJÆRE LESAR!

Eit nytt tusenår, århundre, årgang, bygdabladnemnd og forside markerer at Bokn Bygdablad er i stadig utvikling og forhåpentlegvis går framtida lyst i møte. Evalueringa av bladet i fjor var på sin plass, og det er nødvendig at det skjer ei tidvis evaluering. Tilgang på ressurser, ordna arbeidsforhold og rutiner er viktige stikkord for å sikra eit godt og innhaldsrikt blad.

Abonnentane må også hugsa på at Bokn Bygdablad er eit blad, og ikkje ei avis. Med 10 nummer i året, og dessverre utan faste datoar for kva tid bladet kjem ut, seier det seg sjølv kva type stoff det er plass til. Det at Bygda-bladet i første rekke er kommunen sitt informasjonsblad vil alltid ligga i botn når nye blader skal produserast. Dersom du som lesar savnar ulike typar informasjon til ulike tider, kjem det av mangel på tid og ressurser. Arbeidsvekene kan arta seg svært forskjellige for oss som jobbar i kommuneadministrasjonen, og informasjonsplikta må av og til prioriterast bort.

For meg som redaktør er det mykje interessant kulturarbeid som bankar på døra og trenger seg på, og det er ikkje alltid fristar og arbeidsrutiner går i hop med å redigera eit bygdablad når ein bør og vil det. Eit nytt og svært positivt storprosjekt mellom politikarar og administrasjonen med ord-føraren i spissen, og med stikkorda *dei unge*, *markedsføring* og *arbeidsplassar*, er kome godt i gong og har krevd mykje tid til no i år. Det er sett av ein del midlar til storprosjektet i budsjettet, og slik eg ser det vil ein realisering ha svært positiv effekt for kommunen. Hovudmålet er å auka innbyggartalet i rett aldersamansetning, og eit ledd i markedsføringsbiten opp i dette er t.d. å profilera Øyren-feltet. Ei stor-annonse har vore ute i avisene, samt at det er lagt ut to sider på NRK-tekst TV (s. 882 ). Internett skal sjølvsagt ha ein sentral plass i dette storprosjektet, og mykje interessant stoff vil koma på **www.bokn.kommune.no** etterkvart. I skrivande stund er ikkje web-sida til kommunen klar, og dermed ikkje lagt ut på nettet. Dette vil Bygdabladet koma tilbake til.

Kulturkalenderen vitnar om ein aktiv kommune. Mange arrangement samt oppføring av enkelte politiske møte førte til at det ikkje blei plass til bilder på midtsidene til kalenderen denne gong, men forandring fryder, som kjent. Under produseringa, som også var svært forsinka i år, kom det inn nye opplysningar som medførte at det blei sendt ut litt ulike eksemplargruppe av kalenderen. Dette, samt enkelte feil og forandringar, gjer at midtsidene er trykte lenger bak i bladet, frå skrivande dato. Dei fleste har sikkert fått med seg at kommunen feirar 150 års-jubileum i år, og det er mykje spennande på gong, samstundes som mykje allerede er på plass. Dette er besøk av Hanne Krogh og Vestlandsfanden, med berre to dagar i mellom!

Den 18. mars, 150 år etter første formannskapsmøte, går startskuddet for jubileet, og på bygdakvelden denne laurdagen er det altså at me får besøk av Hanne Krogh med band samt Anne Tove Øvrebø. Det er også kjent for mange at Anne Tove er praktikant hos Hanne Krogh, og vil nok også ta litt del i konserten! I tillegg til dette vil formannskapsmøtet for 150 år sidan bli rekonstruert av Bokn revylag. Tusenårs-songen blir framført, maten består av sodd og flatbrød, og sist, men ikkje minst vil Rapido spela til dans!
To dagar etter vil Reidar Brendeland & co. gi oss ei fin musikalsk stund, med låtar frå deira 20-årige karriere. Publikum vil heilt sikkert få høyra kjente låtar som "Plommer i Hardanger" og "For livets glade gutter går solen aldri ned". Ein annan "hit" blir også framført, men også saman med lokale krefter, i eit spesialskrive arrangement! Til denne jubileums-kvelden vil alle skuleelevane bli spesielt inviterte!

Meir om dette i mars-utgåva av bladet.

Det skjer sjølvsagt meir i jubileumsregi i løpet av året.

- Speidarane har jubileum, og 7. april kan boknarane ta del i dette. Då skal også kulturprisen 1999 delast ut!
- Bruamarsjen/Firebruersløpet har også 10 års-jubileum i år, den 25. juni.
- Skulen skal dyrka korn som skal brukast til hausten, når Tusenårsplassen ved Kvednabekken skal opnast. Då skal også Hagelaget planta Tusenårstreet.
- I oktober er det klart for mortakast i god, gammal tradisjon. Det vil bli arrangement på sjøhuset i Krojen, og Lasse Pedersen er gjest!

Og meir kan det bli. Fotballkampen mellom FKH og Viking 18. mars gjekk dessverre i vasken, men det blir jobba vidare med eit fotball-prosjekt.

Det er nok fleire som savnar noko i dette bladet, men dei ventar ikkje forgjeves. Det kjem neste gong!

Følg med Bokn Bygdablad i år 2000!

*- redaktøren -*

# DEN FØRSTE BOKNAREN......

*- stod for den beste nedtellinga til eit nytt årtusen -*

Då den kommunale nedtellinga på Boknasund bru svikta p.g.a. forferdeleg ver ved midnatt nyttårsaftan, sørga ein liten krabat for dette to dagar inn i det nye året. Då fann Roar Sæbø Tjøsvoll ut at han ville få ein fødselsdagsdato som er spesiell og lett å hugsa. Med å gjera sin entré for stolte foreldre, Hilde Louise Sæbø og Roy Tjøsvoll, den andre dagen etter det berømte Tusenårsskiftet, blei han altså fødd 02.01.00. Stødigare og betre nedtelling til eit nytt årtusen skal ein leita lenge etter, i alle fall i Bokn.

Den vesle guten var 3520 gram då han kom til verda. Lengda var 53 cm og han målte 34,5 cm rundt hovudet, så er det også nemnt.

Bygdabladet vil samla presentera dei nye boknarane som kom til verda i fjor. Det kullet som skulle bli så stort, og som tok heilt av ei stund i fjor. Som kjent stoppa kuleramma på 15.

På gjensyn i neste nr.



# DEI FØRSTE ORDFØRARANE I BOKN

## ETTERLYSING AV BILETE

I samband med feiringa av Bokn kommune sitt 150 års jubileum i år, skal det lagast eit biletgalleri av alle ordførarane frå 1850 og fram til i dag. Me har imidlertid problem med å finna bilete av dei første ordførarane.

Dette er:

- **Lars Rasmussen Lodden, ordførar 1850-51/1858-65**
- **Daniel Larsen Trosnavåg, ordførar 1852-53**
- **Christofer Larsen Øvrebø, ordførar 1854-55**
- **Ingebrigt Ingebrigtson Laupland, ordførar 1856-57**
- **Bjørn Torbjørnsen Nedrebø, ordførar 1866-67 (?)**

Dersom du har bilete, eller kan skaffa opplysningar om nokon som kan ha bilete av ovannemnde, ta kontakt med

**Reidar Alvestad, Bokn kommune, 5561 Bokn**
**Tlf. 52 75 25 04**
**E-mail: ralvestad@bokn.kommune.no**



**Er dette Bjørn T. Nedrebø? Familien er usikker. Kan nokon hjelpa?**

# ØKONOMIPLAN FOR BOKN KOMMUNE 2000 TIL 2003

| INVESTERINGSFØREMÅL | 2000 | 2001 | 2002 | |
|---|---|---|---|---|
| Innføring av KOSTRA | 390 | | | |
| HMS tiltak Boknatun | 50 | 20 | 0 | 0 |
| Ny barnehage | 5 500 | | | |
| Utbygging / ombygging skule | 500 | 14 500 | | |
| Utbetring leikeområde skule | 0 | 50 | 50 | 50 |
| Trafikkregulering skuleområde | 10 | 50 | | |
| Dagleirskule | | | 20 | |
| HMS tiltak skule | 50 | 50 | | |
| EDB helse | 0 | | | |
| Arkivskap helse | 0 | | | |
| Dampkokar helse | 0 | 74 | | |
| Garasje sjukebil | 0 | | | |
| Bygging omsorgsbustader | 124 | | | |
| Dagavdeling/eldresenter | 0 | | | |
| Samtalerom/kontor psykiatri | 0 | | | |
| Vedlikehald Kyrkjebygd | 100 | 0 | | |
| Digitalisering øk-kart | 85 | | | |
| 2 nye biler til teknisk | 0 | | | |
| Forbetre råvatnkvaliteten | | 50 | | |
| Forbedring av vannforsyninga | 750 | 750 | | |
| Kloakksanering Alvestadkroken | 500 | | | |
| Kloakksanering Straumen | 0 | 100 | 0 | |
| Kloakksanering Jøsenvågen | 0 | 0 | 0 | |
| Kloakksanering Øvrabøvågen | | 0 | | |
| Samlestasjon container | 0 | | | |
| Brannvernutstyr | 150 | | | |
| Veg Jøsenvågen / avkjøring | | 150 | | |
| Veg Øvrabøvågen | | | | 0 |
| Gangveg busstopp riksveg | | 100 | | |
| Nytt bustad felt "Glette" | | 0 | 0 | 0 |
| Veglys | 50 | 0 | 0 | |
| Ferist Grønnestad/Blikshavn | 50 | 0 | 0 | |
| Vegskilt | 50 | 0 | 0 | |
| Oljegrusing | 200 | 0 | 0 | |
| Vegutbetring | 0 | | | |
| Fjerning av ferjestø | 0 | 70 | | |
| Inspeksjon av kai | 0 | 0 | 0 | |
| Vedlikehald komm.bustader | 100 | 100 | 0 | |
| Nærmiljøanlegg Alvestad | 100 | 100 | | |
| Vedlikehald verkstad | 0 | | | |
| **SUM INVESTERINGAR** | **8 759** | **16 164** | **70** | **50** |
| **Sum investeringar i 4-års perioden** | | | | **25 043** |

| FINANS. AV INVESTERINGA, DISPONERING AV OVERSKOT, AVSETNING TIL FOND: | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Netto driftsresultat | 1 414 | 2 489 | 2 624 | 2 784 |
| Avsett til næringsføremål | 220 | 220 | 138 | 220 |
| Avsett til driftsauke kultur/ungdomsarb. | 80 | 80 | 80 | 80 |
| Avsett / udisponert i perioden | 0 | 400 | 0 | 101 |
| Kostnader med nye låneopptak 2000 | 250 | 754 | 737 | 720 |
| Kostnader med nye låneopptak 2001 | 0 | 500 | 1 669 | 1 613 |
| Total investeringsramme | 8 759 | 16 090 | 70 | 50 |
| Låneopptak | 7 895 | 15 555 | 70 | 0 |

## Sum låneopptak i perioden 23 520

## Sum eigenkapital i perioden 1 523

# KOMMUNALE GEBYR 2000 I BOKN KOMMUNE

| AVGIFTER TEKNISK SEKTOR | GEBYR 99 | Auke i % | GEBYR 00 |
|---|---|---|---|
| **RENOVASJONSAVGIFT** | | | |
| **Årsavgift:** | | | |
| Bustadeigedom | 900,- | 7 % | 960,- |
| Hytteeigedom | 515,- | 7 % | 550,- |
| **VANNAVGIFT** | | | |
| **Tilknytningsavgift:** | | | |
| Minsteavgift inntil 150 $m^2$ | 15.500,- | 29 % | 20.000,- |
| Avgift for areal utover dette pr. $m^2$ | 75,- | 0 % | 75,- |
| **Årsavgift:** | | | |
| Hus: Minsteavgift for innt. 250 $m^3$ forbruk | 1.740,- | 10% | 1.910,- |
| Hytter: Minsteavgift forn innt. 125 $m^3$ forbr. | 860,- | 10% | 950,- |
| Forbruk utover dette pr. $m^3$ | 5,40 | 10% | 5,90 |
| **KLOAKKAVGIFT/SLAM** | | | |
| **Tilknytningsavgift:** | | | |
| Minsteavgift (hus inntil 150 $m^2$) | 15.500,- | 29 % | 20.000,- |
| Avgift for areal utover dette pr. $m^2$ | 28,- | 0 % | 28,- |
| **Årsavgift:** | | | |
| Hus, avrenning for inntil 250 $m^3$ | 1.320,- | 5 % | 1.390,- |
| Hytter, avrenning for inntil 125 $m^3$ | 650,- | 5 % | 680,- |
| Slam | 440,- | 5 % | 460,- |
| **Tomtepriser:** | | | |
| Alvestad - pris pr. $m^2$ | 65,- | 0% | 65,- |
| Føresvik - pris pr. $m^2$ | 44,- | 0% | 44,- |
| Søknad om byggeløyve og kontr. | 1.720,- | 0 % | 1.720,- |
| Søknad om frådeling av tomt | 920,- | 0 % | 920,- |
| Beh. av priv. regul.pl./bebyggelsesplaner | 2.860,- | 0 % | 2.860,- |
| Søknad om bruksendring | 1.655,- | 0 % | 1.655,- |
| Utarbeiding av situasjonskart | 1.375,- | 0% | 1.375,- |
| 2000-3000$m^2$ | 1.710,- | 0 % | 1.710,- |
| 3000-5000$m^2$ | 2.295,- | 0 % | 2.295,- |

## HUSLEIGE KOMMUNALE BUSTADER

Ein viser til eige regulativ for husleier. Prisane blir justert i samsvar med prisindeksen.

## ABONNEMENT, BOKN BYGDABLAD

Kr. 150,- pr. år

| AVGIFTER HELSE- OG SOSIAL | GEBYR 99 | Auke i % | GEBYR 00 |
|---|---|---|---|
| **PRAKTISK HJELP I HEIMEN** | | | |
| Inntil 2G | 30,- | 0 % | 30,- |
| 2G-3G | 35,- | 0 % | 35,- |
| Over 3G | 52,- | 0 % | 52,- |
| **Maksimalt vederlag - utgiftstak** | | | |
| Inntil 2G | 600,- | 0 % | 600,- |
| 2G-3G | 6.000,- | 0 % | 6.000,- |
| Over 3G | 9.000,- | 0 % | 9.000,- |
| Utgiftstaket skal fylgja dei maksimalsatsa- | | | |
| **LEVERING AV VARM MAT** | 35,- | 0 % | 35,- |
| **OPPHALD VED SJUKESTOVA** | | | |
| Døgnopphald | 80,- | max sats | 108,- |
| Kortidsopphald | 40,- | max sats | 54,- |
| Satsane skal fylgja dei maksimalsatsane | | | |
| **LEIGE PÅ TRYGGHETSALARMAR** | | | |
| Eingongsgebyr | 0 | 0 | 0 |
| Leige pr. dag | 0 | 0 | 0 |
| Maks leige pr. år | 0 | 0 | 0 |
| **HEIMESJUKEPLEIETENESTA** | 0 | 0 | 0 |

| AVGIFTER BARNEHAGE | GEBYR 99 | Auke i % | GEBYR 00 |
|---|---|---|---|
| **HEILDAGSBARNEHAGE** | | | |
| To dagar | 1.060 | 0 % | 1.060 |
| Tre dagar | 1.600 | 0 % | 1.600 |
| Fem dagar | 2.660 | 0 % | 2.660 |
| **SKULEFRITDSORDNINGA** | | | |
| **Foreldrebetaling** | | | |
| Opningstid inntil 14 t/veke | 440 | 0 % | 440 |
| Opningstid 15 t. og fleire pr. veke | 770 | 0 % | 770 |
| **MUSIKKSKULEN** | | | |
| Einetimar (30 min./veke / 22.5 min./veke | 800/600 | 0 % | 800/600 |
| Instrumentalgrupper (90 min./veke) | 600 | 0 % | 600 |
| Kor, leikarring, drama m.v. (90 min./v) | 465 | 0 % | 465 |
| Aspirantopplæring | 465 | 0 % | 465 |
| Instrumentleige pr. semester | 215 | 0 % | 215 |
| **Syskenmoderasjon** Gis med 30% på den rimeligaste | | | |





# ALVESTADKROKEN

Tekst: Reidar Alvestad – Bilder: kommunalt bildearkiv/Reidar Alvestad

## VARIASJON AV TEMA

Serien om byggeskikk vil denne gongen bli noko annleis enn tidlegare ved at eg går inn og ser litt på ein av tettstadene i Bokn, Alvestadkroken. Eg går ikkje mykje inn på sjølve byggestilen på staden, men tar for meg litt historikk, og ser litt meir heilskapleg på området og kva som ligg til grunn for busetnaden der. Eg vil seinare på same måten ta føre meg nokre andre tettstader i kommunen.

## MIDT I LEIA

Tidlegare var det sjøen som var hovudvegen forbi Bokn, og Alvestadkroken saman med Føresvik låg då midt i leia for skipsanløp. Alvestadkroken hadde ei naturgjeven hamn, og dersom veret var dårleg, kunne ein leggja seg her og venta til vinden spakna. Føresvik hadde alt hatt skipsanløp i mange år då Alvestadkroken i 1886 fekk anløp av D/S Karmsund som gjekk mellom Stavanger – Haugesund og Bergen. Det var også då handelsmann i Alvestadkroken, og seinare bakeri. Haugesunds Dampskibsselskap hadde seinare anløp av båtane sine som gjekk mellom Haugesund og Stavanger heilt fram til 1960-åra, og kutteren Gandal som gjekk til Kopervik og Haugesund med varer, mjølkespann og passasjerar, brukte Alvestadkroken som utgangspunkt.

## AKTIVITET

Det budde ikkje så mange menneske i Alvestad kroken fyrst på 1900-talet.

Men utover på 1900-talet blomstra Alvestadkroken, og det var dei gode fiskeria, og at nokon ville satsa på dette, som gjorde utslaget. Mange store sjøhus kom opp, og folk bygde seg hus. Dei som seinare etter krigen dreiv rimeleg stort med sildefiske, brislingfiske, størje og makrell, hadde alle starta frå grunnen av, og bygde seg etter kvart opp med godt utstyrte båtar. Ei tid var det svært mange boknarar som hadde vesentleg av inntekta si frå desse fiskeria.

Og i Alvestadkroken var det stor aktivitet med å gjera seg i stand til små og store fiskesesongar. På den tida var Alvestadkroken base for fleire større bruk både på vintersildfiske, brislingfiske, størjefiske og andre sesongfiskeri. Tenk deg den aktiviteten som då gjekk føre seg når desse bruka skulle rusta seg ut. Sjølv har eg mange minne frå oppveksten og den stemninga som rådde på dei ulike årstidene. Ut på vinteren når



**Etter krigen blomstra fiskeria på Vestlandet. Alvestadkroken var ein typisk representant for alle strandstadene som hadde vakse fram langs kysten, kor fiskarane hadde bygd opp sjøhus, brygger, nottørker, handel og alt som dei hadde behov for i samband med fiskeria. Dei fiskarane som åtte og dreiv bruka, bygde seg også bustader i området. Dette biletet er truleg frå kigsåra 1940-1945.**



**På dette bildet av Alvestadkroken frå ca 1910, ser du berre 6-7 hus. Husa var oppførde i tradisjonell stil for tida, og tømra. Midt i biletet ser du det såkalla "Nicolaihuset" som eg hadde bilete av i første innslag i denne serien. Det er eitt av dei eldre husa her. Aud Alvestad har nå pussa huset opp, og det framstår som ei av få attståande perler i området. Den gamle kyrkjevegen går til venstre i biletet, og var ikkje ferdig før 1869.**

vårsilda kom på våre trakter, hende det at eg gjekk i lag med ein kamerat opp på Boknafjellet etter skuletid. Då skulle me sjå etter snurparane som fedrene våre var om bord, om dei låg i området rundt Bokn. Det hende også at det var fullt av fiskefartøy i og rundt Alvestadkroken under vårsildfisket. Då var moloen full av båtar, og dei låg også side ved side ved dampskipskaien i Alvestadkroken og rakk langt utover i Boknasundet.

## BEVARING AV BYGNINGSMILJØET

Bokn kommunestyre har i reguleringsplan for Alvestadkroken vedtatt at området nederst i Alvestadkroken mellom sundet og fylkesvegen skal vera eit spesialområde for bevaring. Det vil seia naust– og sjøhusrekker og bustader som ligg sør og aust for

fylkesvegen nederst i Alvestadkroken. Her heiter det ma. i reguleringsbestemmelsene for sjøhus at karakteristiske bygningsdeler, opprinnelege materialer og taktekking, intakte dører og vindauge, listverk og øvrig utstyr skal bevarast.

## MILJØ OG HEILSKAP

Alvestadkroken har ikkje mange eldre bevaringsverdige hus, men staden er karakteristisk for korleis eit aktivt fiskarsamfunn hadde bygd seg opp til ein liten strandstad. Sjølv om berre litt av bygningsmassen er av noko eldre årgang, er det likevel ei tidstypisk klynge av



**Oversiktsbilde av Alvestadkroken tatt frå Boknasund bru ein dag i januar 2000. Sjøhusrekka er nok det mest karakteristiske som slår imot ein som første gong ser staden.**

bustader, butikk, brygger, sjøhus og naust som til saman gir eit miljø mange set pris på å bevara. Det Det fins nå fleire eksempel på gode resultat av istandsetjing av sjøhus og bustader både til bustader ferieplasser og næringsføremål. Dei som nå har sett i stand noko av bygningsmassen i tråd med tidlegare tradisjonar, har vist at det blir fint, og at det gir harmoni og glir godt inn i miljøet.

På bildet under ser du ein del av sjøhusrekka mot Boknasundet langs bryggene i Alvestadkroken. Det næraste er Sjøhuset til Steinar Alvestad som er totalt renovert og innreda frå å vera eit vanleg stort sjøhus til selskapslokaler og utleigeleiligheter. Dette har gjort at det er blitt noko meir aktivitet og trivsel her kor det i glanstida for fiskeria syda av liv og røre i miljøet.



Dei såkalla "galgane" (nottørkene) som låg på Krogneset og i moloen, bles ned for nokre år siden. Og med dei for noko av dei faste kjennemerka frå Alvestadkroken. Steinar Alvestad har ein liten modell av ein av dei inne på sjøhuset viss nokon er i tvil om korleis dei såg ut.



**Det er også mange mindre eldre naust i Alvestadkroken, særleg i den gamle naturlege havna som tidlegare berre blei kalla "habn". Naustet heilt i venstre kant av bildet er svært gamalt. Det same er det vesle huset til Olga H. Alvestad som ligg utafor bildekanten til venstre.**



**Butikken er viktig for at det også i framtida skal vera liv og røre i Alvestadkroken. Det ville nok blitt merkbart stussleg om denne forsvann. Som på mange andre små strandstader, er det smale smau og vegar som gjer staden eit koseleg preg, men som er dårleg tilpassa dagens bilisme.**



**Desse to hyttene i sjøhusstil er nå sett opp på den staden på Krogneset kor det tidlegare var ein galge. Sjølv om dei ikkje erstattar det bygget som var kjennemerket for området, fyller dei opp tomrommet som var etter at galgen bles ned. Byggestilen er slik at han ikkje bryt vesentleg med det naust- og sjøhusmiljøet som er frå før i Alvestadkroken**

# NYTT TUSENÅR OG NY LIVSSTIL

**Av Reidar Alvestad**

**NÅ HAR DU SJANSEN**

Mange vil hevda at eit tusenårsskifte må vera ein god anledning til å gjera alvor av tankar om eit nytt og betre liv. Det fins sikkert dei som kanskje har tenkt i slike banar i lang tid, men har ikkje sett det ut i livet – i påvente av eit passande høve.

Det fins faktisk faste sesongar for livsstilomleggingar hos folk. Det skjer oftast ved nyttår, rett etter påske og når sommarferien er slutt.

Men betre høve enn eit millenniumsskifte vil du aldri få oppleva igjen.

Vanlegvis har avisene før nyttår intervju både med den eine og den andre kjendispersonen for å høyra kva nyttårsforsetter dei har tenkt å gjennomføra. Nå var det spesielt aktuelt pga millenniumsskiftet. Heile galleri med kjendisar pryda aviser og vekeblad med spørsmål om kva dei hadde tenkt å endra på i det nye året.

For alle oss alminnelege er også tusenårsskiftet over, og det meste fell raskt tilbake i trivielle spor. Verda gjekk ikkje under, og kvardagen er like kvardagsleg som før.

Men kvifor ikkje gjera eit aldri så lite sprell?

**VANEMENNESKE**

"Gamle vanar er vonde å venda", er eit ordtak mange har tatt lærdom av. Og dei som laga ordtaket, tala nok av erfaring. Forsking viser faktisk at vanar vert nedlagde som organiske mønster i hjernen, slik at dei nærast blir liggjande for livet. Tenk berre på det du har pugga på skulen som salmevers, gangetabellar osv. Slik kan det også bli med matvanar, røykevanar, "inaktivitetsvanar" og tenkevanar.

Alt dette kan vera så godt innarbeidd heimanfrå at det til slutt blir omtrent som ein arv du ber med deg.

**MÅL OG YNSKJE**

Kva er det så for endringar folk flest ynskjer?

Jo, mange seier dei skal **slanka** seg. Andre skal **trimma** meir for å koma i betre form og sjå betre ut, mens atter andre skal innføra **røykestopp** for å få betre helse og spara pengar. Nokre skal gjera alt dette og andre ting i tillegg for å få eit nytt og betre liv.

**SLANKING**

Slanking er vel noko av det som står øverst på menyen for nyttårsforsetter. Mange har gjennom ein lang og mørk haust med dårleg ver og mykje innesitjing fått vel mange kilo som har lagt seg over magen og på andre meir og mindre strategiske stader av kroppen. Jul og nyttår med overflod av alt som kan etast og drikkast har slett ikkje gjort bilringane mindre. Men dei fleste veit at med det nye året kjem det nye livet med slankeråd kor du enn vender deg i bladhyllene. Å ha ein slank og trimma kropp står for mange som sjølve toppen av det sunne ideal.

Nå er det imidlertid mange som trivest med den kroppen og den vekta dei har. Dei bryr seg ikkje om alle forståsegpåarane som prøver å setja likskapsteikn mellom ein slank kropp og livslykke/livskvalitet.



Men realiteten er klar: vekta på gjennomsnitts-nordmannen og -kvinna har gått opp fleire kilo dei siste 30 – 40 åra. Ja, så mange kilo er det at fagfolk og helsepolitikarar ropar eit varsko. Og enten du trur det eller ei – så er det mannen som har lagt mest til vekta. Det er dei yngre mennene som dette slår mest ut for. Det er faktisk ein myte at det er flest kvinner som er overvektige. Menn det sterke kjønn ser ikkje ut til å bry seg om det. Det er vanlegvis ikkje menn som er opptatt av slanking. Nei, slanking er ingen "manneting" Det er kvinnene som gir seg ut for å vera forfengelege og skal sjå godt ut. Men det fins jo også enkelte menn som kunne stoppa litt opp og spørja om det er lurt å bera på så mange kilo.

Me omgir oss alle dagleg med menneske av ulike kroppsvolum og vekt, og opplever ingen samanheng mellom kroppsvekt og andre menneskelege kvalitetar. To kvinner som har prøvd det meste innan slanking har nå skrive ei bok for alle som meiner dei er for tjukke. Forfattarane heiter Merete Nesset Anderson og Lisbeth Nilsen. Tittelen på boka er "Fett nok". Desse kvinnene hevdar at fok må kasta badevekta, og at dette er det første skrittet på vegen frå sjølvforakt til sjølvrespekt. Uansett, for lite og for mykje er som regel gale, og ein gyllen middelveg er vel å prøva å stabilisera vekta og bli glad i den kroppen ein har. Mange som har gjort det, har gått ned 20 kilo berre av den grunn, seier ein av forfattarane til Aftenbladet den 15. januar. Forfattarane seier også at me må stillesitjinga til livs. Men dei meiner at det ikkje er umuleg for tunge personar å koma i gong med trimming. Det er viktig å starta i det små. Ti minuttars gange/rørsle, er betre enn ingenting. Gå litt for å få rørslene i gong, og trim for at du likar det, ikkje for at du skal slanka deg.

**TRIMMING**

Å koma seg ut av stova og bort frå TV-stolen og inaktivitet er også noko som mange har som mål ved eit års-

skifte.
Men ikkje alle tenkjer på helsa før dei ser teikn på at ho blir skralare og skralare. Fleire går omkring med høg risiko for livsrelaterte lidingar. Kanskje røyker dei, er overvektige, og er lite i fysisk aktivitet. Dersom dei ikkje er direkte sjuke, er det ikkje sikkert at dei tenkjer på omlegging av livsstilen sin.



Andre som har vore utsette for bestemte sjukdomar, kan vera meir motiverte for førebyggjande aktivitet. Dei har på ein måte fått "skrifta på veggen".
Men ein behøver ikkje å ha vore sjuk for å koma seg litt ut i naturen, og aktivitet gir meirsmak.
Mange har erfart at det ikkje trengst meir fysisk aktivitet enn å gå nokre km ute i naturen nokre gonger i veka for å halda seg sånn nokolunde i form.
Eg er på ingen måte nokon helseapostel, men eg vil ikkje unnvera dei opplevingane som litt fysisk aktivitet i naturen gir meg i form av auka velvære i kvardagen. Det er ikkje berre den fysiske aktiviteten som gir deg noko att, men også den friske lufta og naturopplevingane. For naturen er aldri lik, sjølv om du går på same stadene. Årstider og verlag gjer at du få rei ny oppleving for kvar tur. Dette gir styrke og overskot til å takla både fysiske og psykiske påkjenningar.
Ein tur ut i skog og mark, eller på Boknafjellet for den saks skyld, gir også høve til tankeverksemd og refleksjon mens du er ute og går.

Det er mange andre måtar å vera i fysisk aktivitet på, til dømes all muleg idrett.
Ekspertane seier at det er tilstrekkeleg med 30 minuttar fysisk aktivitet dagleg for å oppnå ein helsegevinst. Tidlegare trudde ein at det måtte nokså hard trening til for å koma i god form, men så er visstnok ikkje tilfelle. Det er dei daglege aktivitetane som må til, ikkje større løpeturar eit par gonger i veka.. Med ein intensitet som for rask gange, så veit ein omtrent kor mykje som skal til, og aktiviteten treng ikkje å vera 30 minuttar i strekk, men kan godt delast opp. Det kan vera litt sykling, gange, litt vedhogst, husarbeid, hagearbeid eller kva som helst. Professor Rald Bahr seier til Aftenbladet at ein med ein slik dagleg fysisk aktivitet både vil leva lengre, ein vil halvera risikoen for hjarte– og karsjukdomar og andre alvorlege sjukdomar som sukkersjuke og fleire kreftformer. Helseekspertane seier også at det er viktigare å vera fysisk aktiv enn å gå ned i vekt. Å vera tynn og inaktiv er farlegare enn å vera overvektig og fysisk aktiv.
Det kan nok vera ein liten bøyg å koma i ein rytme kor ein nokså fast har litt fysisk aktivitet på programmet. Men har du først kome i gong, blir det ofte slik for dei fleste at dei "må" ut på tur. Med andre ord vil du ikkje unnvera det når du har fått smaken på det. Og det er lurt å starta på eit lågt og overkomeleg nivå med litt variasjon, og setja av tid.

**RØYKING**
Å stumpa røyken er nok også eit av dei forsetta mange har ved eit årsskifte. Ingen har vel unngått presseoppslaga nå i januar om farane ved røyking, seinast i Haugesunds Avis den 19.januar over ei heil side.
Ulykkene til sjøs og til lands den siste tida har blitt via mykje merksemd, som rett er, men det er på sin plass å minna om at det er mange gonger farlegare å røyka enn å reisa med alle slags transportmiddel. Faktisk døyr ein av seks nordmenn av røyking! Ein tredel av folk i Norge røyker dagleg, og sjansen for å døy av dette er omkring tjue gonger større enn faren for å døy brått som fylgje av vold eller ulykker.
Det ser ut til at mange fortrenger informasjonen om kor farleg dagleg røyking eigentleg er. I Norge døyr årleg mellom 42.000 og 45000 menneske. 7.500 av desse dødsfalla har årsak i dagleg røyking. (Kjelde: "Gi oss i dag vårt daglige brød" - artikkel i vekeavisa Folket nr. 3 – 2000).



I Haugesunds Avis sin ovannemnde artikkel den 21. januar, kjem det fram at det nyttar å slutta å røyka. Gevinsten ved å slukka sigaretten er god. Dersom ein 45-åring stumpar røyken etter 30 års røyking, vil han i ein alder av 65 år ikkje ha større risiko for å få lungekreft enn ein ikkje-røykar.
Så – dersom du hadde som nyttårsforsett at du skulle stumpa røyken, var dette noko av det mest fornuftige du nokon gong har bestemt det for.

**MISTA DU MOTET?**
Det nyttar lite å koma med peikefingeren og seia at folk må gjera slik og slik for å få eit betre liv. Kvar og ein må gjera seg opp meiningar om eigne liv, og sjølv bestemma om dei ynskjer omlegging av livsstilen. Ingen likar moralpreik, og ei omlegging må opplevast som positiv og nødvendig, og ha som målsetjing at det skal gi betre helse, meir energi, overskot og velvære. Ein må sjå og forstå gevinsten som vil koma dersom ein gir seg i kast med eit lite personleg helseprosjekt. Men – når sant skal seiast, så har me alle eit personleg ansvar for eiga helse, i alle fall der me kan yta noko sjølv. Legen eller anna helseteneste kan ikkje gi oss god helse og trivssel dersom me ikkje gjer vår del av opplegget.
Men eigentleg treng me ikkje noko millenniumskifte om me ynskjer å gjera litt om på vanane våre. Og me behøver heller ikkje å fortelja det til kvar og ein, for då blir fallet desto større om me ikkje greier å gjennomføra det me hadde tenkt. Det går an å starta i det små og sjå korleis det går.

Kanskje får fleire smaken på eit betre liv?

# OM Å TØRKE FISK I VÆR OG VIND

**Av Reinhard Mook, med for– og etterord av Bjørn Eirik Gundersen**

Ovenstående artikkel sto å lese i min nord-norske lokalavis Bladet Vesterålen 2. februar i år. Med tilatelse fra artikkelforfatteren, **Reinhard Mook**, Tromsø, har jeg gleden av å gjengi hans eminente "avsløring" av den nord-norske tørrfisk's tilblivelse.

*Æ klar bærre ikkje å gjør det uten å gje dokker Sør-Væstlændinga et ajldri så lite sleivspark. Her går dokker rujndt og trur at dokker har en delikatesse som heitte **torrfisk.** Ætte å ha læst artekkelen tel han Mook blir dokker nok klar over at det e bærre e en slags sajlta erstatning dokker har her i sør-væst. Ække tørrfesk ska ha hængt å dengla på en hjell tell han e tørr. Uten at nån har nærma sæ hjellan me tankan på ei klypa sajlt en gong. Bokstavelig talt så bløs vi nordlændinga i sajltet. Det kajn dokker ha her sør. Så læs folkens, studér og bli vis og avensjuk:*

Fisk kan lufttørkes industrielt i anlegg konstruert til formålet. Å binde vann til salt er også en måte å tørke fisk på. Men denne artikkelen er opptatt av den konvensjonelle måten å tørke på hjeller i luft slik det har vært gjort i bl.a. Nord-Norge i mange århundre. Fordampningen fra fisk som henger for "vær og vind" er en meteorologisk prosess, et samspill mellom varme og vann.

## Det gjelder å fjerne vann

Med tørking menes her at varme tilføres fisken, så vannet i den fordamper inn i luften. Fordampingen står i midtpunktet av denne artikkelen. Mikrobiologer ville se på tørking som endrete levekår for mikroorganismer, matvareeksperter ville være opptatt av kvaliteter som avhenger av bl.a. temperaturforløpet.



Når fisken henges fersk og våt, vil til å begynne med fordampningen foregå bare fra fiskens overflate. De atmosfæriske forhold slik som stråling, lufttemperatur, vanndamp i luften og vinden vil bestemme intensiteten som vannet fordamper fra overflaten med. Denne fase kan vare i minutter eller i timer. Regn eller smeltevann vil væte fisken gjentatte ganger under den tiden den henger til tørk.

Når overflaten er blitt fri for skiktet av vann, styres styrken i fordampningen ikke bare av atmosfæriske forhold, men også av hvor mye vann som diffunderer fra fiskens indre mot overflaten. Diffusjonen, bevegelsen av vann ut av fisken, begrenser styrken av fordampningen. Etter hvert vil overflaten tørke ut, intensiteten av fordampningen vil minke, om alle andre forhold forblir uendret.

Skulle tørkingen ha begynt i stekende sol og varme, ville skinnet eller den ytre sone av fisken lett ha tørket inn til et lag dårlig gjennomtrengbart for vann. Vannet i kjernen av fisken ville ha blitt innestengt. Når fisk henges om vinteren er det ingen slik risiko. Da kan det heller ikke forekomme at den våte fisken soloppvarmes til over ca. 35 varmegrader og kjøttet endres som ved koking.

## Utvekslingen av varme og vann

Vannet innvendig i fisken vandrer utover ved fysikalsk ulike prosesser. Forholdene kan sammenliknes med dypere lag av jord som avgir fuktighet til øvre lag av mold i en tørkeperiode. For øvrig, transporten av vann utover hindrer ikke at løsninger kan spre seg motsatt veg: F.eks. kan salt oppløst i vann på samme tid trenge inn i fisken.

Varme tilføres til fisken og bortføres. Varme trenger inn i eller går ut av fisken. Overgangen av vann og varme mellom atmosfære og fisk er koplet: Varme trengs for å overføre flytende vann til damp som fjernes med luften. Jo mer intenst varme flyter til oveflaten, det være seg fra atmosfæren eller ut av fiskens masse, eller begge deler, jo mer intens er fordampningen ved gitt til-førsel av vann. Varmen som skjules i dampen gjør at fiskens overflate holder en lav temperatur i forhold til den omgivende luften. Som kjent er det lett å fryse når en er vår på skinnet.

Fisken mottar solstråling både fra himmelvelvet og reflektert fra bakken, for eks. fra snø og vannflater. Den andelen som absorberes, gjøres om til varme.

Fisken mottar dessuten den for øyet usynlige varmestråling fra bakken og fra atmosfæren. Samtidig taper fisken varme ved selv å stråle bort varme, avhengig av sin overflatetemperatur.

Alt etter temperaturdifferansen mellom luft og fisk, til- eller bortføres temperatur-varme med luftstrømmen. Med vindstyrken øker denne utvekslingen av varme.

Fordampning krever som nevnt varme. "Kondens" på fisken frisetter varme. Om vann i fisken fryser, vil den frisatte frysevarme danne en innvendig varmekilde og påvirke flyten av varme inn eller ut av fisken. Skal isen tines, blir fiskens indre til et varmesluk.

## Om vannet i fisken

Det synes å mangle forbindtlige regler for hva som me-

nes med "vanninnhold": Bl.a. kan mengde vann i fisken settes i forhold til mengden våt fisk, eller til mengden "fiskebein-tørr" fisk som ikke lenger inneholder vann i det hele.

En omforent prosedyre til å bestemme vanninnholdet er å tørke fisk i 24 timer ved 105 grader og å finne mengden tapt vann ved å veie før og etter.

"Aktivt vann" er et mål for det vanninnholdet som har betydning for mikroorganismer på fisken. Vann som fysikalsk eller kjemisk er bundet og således ikke står til rådighet for mikroorganismer, tas ikke i betraktning. "Aktivt vann" sier således ikke hvor mye vann som fisken inneholder, men hvor mye som er "disponibelt". Det måles som den relative luftfuktighet når damptrykket på fisken og i luften har nådd likevekt.

Så lenge fisken er våt utvendig og grenseskiktet av luften holder en relativ luftfuktighet på inntil 100 prosent, er "aktivt vann" nær maksimum. Etter hvert som fisken tørker ut og vanntransporten fra fiskens indre begrenser fuktigheten i overflaten, minker "aktivt vann". Til å begynne med vil vanninnholdet, dvs. mengden vann i fisken, minke kraftig mens "aktivt vann" avtar lite. Etter hvert som tapet av vann blir mindre, avtar "aktivt vann" sterkt, noe som er typisk for fisk. Sammenhengen mellom vanninnhold og "aktivt vann" er avhengig av temperaturen, og fram for alt av om fisken fuktes igjen i faser av tørkeprosessen. Dette siste skjer jo med fisken som henger under åpen himel.

## Klimaet og tørkingen

Når fisken tar til å tørke ut, har luften like inntil fisken ikke lenger den relative fuktighet nær 100 prosent. Med andre ord, vanndampen i denne luften er ikke lenger nesten mettet. I denne fasen inneholder luften like inntil fisken tilnærmet den fuktigheten som råder ellers i den omgivende luften. Størrelsen av "aktivt vann" i fisken kan da anslåes som tilnærmet lik den aktuelle relative luftfuktigheten.

Når fisken er "tørr" utvendig og fuktigheten difunderes ut av fiskens indre til overflaten, er fordampningen vesentlig mindre enn ved fuktig overflate. Svak fordampning innebærer liten kjøling. Overflatetemperaturen av fisken kan da anta temperaturer nær lufttemperatur. Men stråling og ventilasjon ved vind bestemmer avvikene. Fisk på sterkt vindutsatte hjeller vil uansett stråling kunne ha nær lufttemperatur. Med disse forenklede forutsetninger kan fisketørkingen settes i nær sammenheng med temperatur og luftfuktighet på tørkestedet, med klimaet helt lokalt. Det preger mikroorganismenes levekår, vilkårene for oksidasjon av fiskens olje samt av egenskapene av overflaten til fisken som fortsatt skal slippe ut vann når våren kommer, men ikke innby insekter til å legge sine egg. Om egg fikk utvikle seg, ville det skapes hulrom i tørrfisken som åpnet for inntrengende vann.

Under ellers like vilkår vil fiskens tørking og kvalitet bli preget av tørkesesongens værforhold og, sett i det lange løp, av klimaet på tørkestedet. Topografien skaper mikroklimatiske forskjeller på korte avstander, f.eks ulike strålings- og vindforhold. Det kan formodes at det ved tørkingen av fisk ble utnyttet slike forskjeller slik også andre, bl.a. bønder, alltid har gjort.

**Sitat slutt**

*Det der va nok meir innvekla enn dokker hadde regna med, ka? Æ kajnn opplys at han Mook e både forskar og meterolog og det som værre e. Det e ikkje nokka alminnelig høvelspón han har mellom øran dejnn kroppen. Æ synes det va steikanes godt skrevven, og nå har æ gjedd dokker anledning tel å begrip kofførr majnn må trækk tel nordlige breddegrader førr å få skikkelig tørrfesk.*

*At nokken galninga ødelægg tørrfesken med kaustisk soda e en heilt ajnna historie, og har ingenteng med han Mook å gjør.*

*Æ tørr vel si takk førr mæ.*

---

BOKN BARNEHAGE — BARNEHAGEN INFORMERER — BOKN BARNEHAGE

Husk fristen for opptaket til Bokn barnehage: 01.03.00

Foreldra som allereie har barna i barnehagen, treng kun søke dersom det er endringar i opphaldstid.

Bokn kommune skal som kjent byggje ny barnehage nede ved skulen og Boknatun. Arbeidet her går på fram, og ein håper at bygget skal stå klart til første august. Teikningane ein arbeider ut i frå er me svært nøgde med, så eit fleksibelt fleirbruksbygg er i vente i kommunen.

---

**BOKN KOMMUNE**
**SEKSJON TEKNISK**
**5561 BOKN**

Det er f.o.m 1. april 2000 ledig ein fast stilling og eit vikariat fram til 1/8 i 49.33 % stilling som reinhaldar i seksjon teknisk. Arbeidsstad er for tida Boknatun.

Arb.tid: 3t. 40 min. 5 dager pr. veke.

Kvalifikasjoner:
-Relevant utdanning og praksis i reinhaldsfaget .
Stillinga vert løna etter gjeldane tariffavtale.

Kontaktperson: Hans Erik Lundberg, tlf:52752500.

**Søknadsfrist er 10. mars**

# BOKN BÅTFORENING

Her kommer litt informasjon om den nystartede båtforeningen på Bokn:

Vi er allerede blitt over 60 medlemmer, og regner med at det vil komme enda noen til etterhvert.
Bokn Båtforening skal jobbe for å bedre mulighetene og miljøet for alle som har båt, eller er interessert i båtlivet på og rundt Bokn.
Det har vært mange og lange diskusjoner om hva Bokn Båtforening bør, og kan ta på seg av oppgaver.
Følgende saker vil vi prøve å gjøre noe med:

- Etablere og drive småbåthavn med båtplasser for foreningens medlemmer bosatt i Bokn kommune.
- Etablere og drive en "utehavn". Det vil si ett sted tilrettelagt for å treffes ute i skjærgården rundt Bokn, fortrinnsvis så sentralt at alle i Bokn Båtforening kan bruke anlegget.
- Samarbeide med Bokn Kommune om å få oppgradert kommunale kaier og opptrekk.
- Samarbeide med Bokn Skule om tiltak for de yngste.
- Tur med Bokn Hagelag til Sør-Hidle.
- Familieaktiviteter for alle, både med og uten båt.
- Arrangere aktuelle kurs.

Flere av disse sakene er store og kostbare prosjekter, mens andre er gjennomførbare med enkle midler. Felles for de fleste er at de bør være skreddersydd for samarbeid mellom Bokn Båtforening og Bokn Kommune for å gjennomføre noe av Kommuneplanen, som er vedtatt av kommunenes politikere.
